

## The United Fruit Co.

Då trompeten bles, var  
alt gjort klart på jorda,  
og Jehova delte verda  
mellom Coca-Cola Inc., Anaconda,  
Ford Motors og andre føretak:  
The United Fruit Company Inc.  
tok av den beste delen for seg sjølv,  
kysten som ligg midt i landet mitt,  
den mjuke midja til Amerika.  
Dei døypte eigedommane med nye namn,  
og kalla dei «Bananrepublikkar»,  
og over dei sovande døde,  
over dei urolege heltane  
som vann for seg sjølve, æra,  
fridommen og fanene,  
fekk dei i stand ein komisk opera,  
stal sjølvstendet frå folket,  
gav keisarkroner bort som gaver,  
sleppte laus misunninga, og skapte  
flugene sitt diktatur,  
fluga Trujillo, fluga Tacho,  
fluga Carías, fluga Martínez,  
fluga Ubico, desse flugene er våte  
av blod så audmjukt som marmelade,  
dei er drukne fluger som summer  
over gravene til folket sitt.  
fluger på loppesirkus, lærde fluger  
med særlege evner som tyrannar.

Mellom blodige fluger  
dreg United Fruit sin veg,  
fullasta av kaffi og frukt,  
i båtar som seglar  
lik fat med overfloda  
frå dei druknande landa våre.

Og heile tida, i dei sukra  
helveta i hamnene,  
fell indianarane og vert lagde ned  
i den dampande morgonen:  
ein kropp dreiar rundt, ein ting  
utan namn, eit nummer er borte,  
ei grein med døde frukter  
som fell ned i søppelhaugen.